

## Sunnhordland Kraftlag AS - Halvårsrapport 2020

### Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan vasskraft-produksjon. Konsernet sine anlegg ligg hovudsakleg i Hordaland og Rogaland fylke. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2,3 TWh. Selskapet deltek dessutan i kraftproduksjon i Sauda gjennom sin eigardel på 15 % i Saudefaldene AS. Konsernet har også satsing innan småkraft som skjer hovudsakleg i egne dotterselskap og tilknytt selskap.

### Resultat pr 1.halvår 2020

Første halvår 2020 har vore eit svært spesielt – og utfordrande halvår for SKL. Til liks med det meste av næringsliv og samfunnsfunksjonar trefte utbrotet av Korona-viruset oss, og «nedstenginga» av landet 12. mars. I tillegg har den hydrologiske situasjonen vore spesiell, med uvanleg mykje snø i fjellet, sein snøsmelting og mykje nedbør. Dette har ført til historisk låge kraftprisar, med «negativ straumpris» i Noreg i juli, for første gong i historia.

Til tross for den spesielle situasjonen våren og sommaren 2020, har selskapet forventning om normalisering i prisane på kraft utover hausten og vinteren 2020/2021, og har eit positivt bilete for kraftmarknaden på lang sikt.

Resultat pr. 1. halvår vart negativt med 15,4 mill.kroner etter skatt mot positivt 114,6 mill.kroner for same periode i 2019. Driftsresultatet vart totalt positivt med 3,6 mill. kroner mot 252,7 mill.kroner i 2019.

Totale driftskostnader utgjer 153,6 mill.kroner, mot 231,7 mill.kroner for tilsvarande periode i 2019. Særleg lågare energikjøp og overføringskostnader bidrog til reduksjonen. Netto finanspostar er negativ med 15,6 mill.kroner mot positiv med 9,9 mill.kroner i 2019 og skyldast redusert utbytte frå eigarskapet i Saudefallene AS, redusert inntekt frå tilknytt selskap samt høgare netto renteberande gjeld gjennom første halvår 2020.

Eigenkapitalen var 2 403 mill.kroner pr 30.06.2020 av ein total kapital på 4 143 mill.kroner. Eigenkapitalandelen var 58%, mot 65,9%, på tilsvarande tidspunkt i 2019. Totale renteberande gjeld utgjorde 1431 mill.kroner. Kontantar og bankinnskott utgjorde 376 mill.kroner mot 139 mill.kroner på same tidspunkt i 2019.

### Kraftproduksjon

Faktisk produksjonen var første halvår 2020 totalt 985 GWh i SKL AS sine anlegg, mot 881 GWh i tilsvarande periode i 2019.

Selskapet sin del av produksjon i heil eller deleigde småkraftselskap utgjorde 65 GWh i første halvår 2020 mot 33,1 i 2019. Samanlikna med 2019 er 3 småkraftverk komne til i produksjonen.

Gjennomsnittleg områdepris i NO2 i første halvår 2020 vart 10,2 øre/kWh, medan tilsvarande periode i 2019 var 41,3 øre/kWh. Høgast månadleg gjennomsnittspris i første halvår 2020 var januar med 24,4 øre/kWh, medan juni vart lågast i perioden med 1,6 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert seld til spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i perioden vart 12,5 øre/kWh eksklusiv systemtenester, og 12,7 øre/kWh når ein inkluderer inntekter frå frekvensstøtte i primær- og tertiærmarknadene.

### Investering i driftsmidlar og finansielle anlegg

Det er gjort ny- og reinvesteringar for 125,8 mill.kroner i konsernet. Hovudvekta av investeringane er nytta til bygging av nye Løkjelsvatn Kraftverk i Litledalen, Etne. Arbeida i fjellet starta ved nyttår 2019 og tunnel-arbeid på adkomst- og utløpstunnel pågår. Arbeida ligg bak plan blant anna grunna utfordringar med vasshandtering i tunnel samt justering av stasjonsplassering. Det er nytta 90,3 mill.kroner på prosjektet hittil i 2020. Det er i konsernet fire småkraftverk under utbygging, og det er nytta 25,5 mill.kroner i inneværande år. På Risvollselva Kraftverk i Sauda starta bygginga våren 2019, og det er venta idriftsetting hausten 2020 med ein årleg produksjon på 20 GWh. På Jarlshaug Kraftverk i Samnanger starta bygginga våren 2020 med venta idriftsetting i 2021. Årleg produksjon er venta å bli 7 GWh. Dei fysiske arbeida på Håfoss Kraftverk ved Rullestad og Einungstølsåna Kraftverk i Valldalen startar tideleg hausten 2020. Årleg produksjon er venta å bli henholdsvis 33 GWh og 9 GWh.

### Helse, miljø og sikkerheit

Konsernet hadde ein H1 verdi på 21,6 pr. juni 2020, mot 0 pr. juni 2019. Sjukefråværet i konsernet var på 4,0% første halvår 2020 mot 2,3% i same periode i 2019.